



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	18.11.2019	19/158

Vedtak - søknad om dispensasjon - naust i Isdal - gnr 26 bnr 8

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Erling Medhus får ikkje dispensasjon frå forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs vassdrag i kommunedelplanen for Sysendalen pkt. 2.7.1 til bygging av naust på gbnr. 26/8.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

18.11.2019 - Eidfjord formannskap

Endringsframlegg, fremja av Medhus, Gunvall, Eidfjord arbeidarparti

Eidfjord kommune meiner at det er svært viktig at fiskevatn i kommunene vert kultivert på ein god måte. Kommunen meiner at fordelane er klart større enn ulempene i denne saka.

Erling Medhus får dispensasjon frå forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs vassdrag i kommunedelplanen for Sysendalen pkt. 2.7.1 til bygging av naust på gbnr. 26/8 på inntil 15 m².

Røysting:

Endringsframlegg frå Gunvall Medhus (AP) vart samrøystes vedteke.

FSK - 19/158 - Vedtak:

Eidfjord kommune meiner at det er svært viktig at fiskevatn i kommunene vert kultivert på ein god måte. Kommunen meiner at fordelane er klart større enn ulempene i denne saka.

Erling Medhus får dispensasjon frå forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs vassdrag i kommunedelplanen for Sysendalen pkt. 2.7.1 til bygging av naust på gbnr. 26/8 på inntil 15 m².

Vedlagt: Kart som syner naustet si tiltenkte plassering og byggjeteikning.

Desse har uttalt seg i saka: Fylkesmannen i Vestland

Vedtak skal sendast til: Erling Medhus og Fylkesmannen i Vestland

Endeleg avgjerd i: Formannskapet

Saka gjeld:

Erling Medhus har søkt om dispensasjon frå kommunedelplanen for Sysendalen, der det heiter at tiltak som nemnt i plan- og bygningslova § 1-6 første ledd «ikkje [er] tillate i ei sone på 100m frå vassdrag». Isdølo, med Isdalsvatnet, er på lista over vassdraga som er omfatta av føresegnene. Naustet det er søkt om løyve til å føra opp vil verta liggjande rett ved Isdalsvatnet.

Dispensasjonsføresegna i plan- og bygningslova er å finna i §§ 19-1 flg. Utgangspunktet er at dispensasjon krev grunngjeven søknad, jf. § 19-1. Det føreligg grunngjeven søknad i denne saka.

Av søknaden går det fram at naustet skal liggja på ein eigedom som er eit uregistrert jordsameige. Det vert skrive i dispensasjonssøknaden at naboar vart varsla på årsmåtet til Simadal sameige 25.05.2019, og at ingen hadde merknadar til oppføring av naustet. Vedlagt dispensasjonssøknaden er ei skriftleg godkjenning av byggesøknaden frå Simadal sameige, og i godkjenninga vert det presisert at naustet maksimalt kan vera 15m².

I dei ulike dokumenta i dispensasjonssøknaden vert det oppgjeve fleire ulike areal på naustet det vert søkt om å oppføra. I det første søknadsskjemaet og i grunngjevinga for dispensasjonssøknaden vert det oppgjeve at naustet får eit bebygd areal på 19,25 m² og eit bruksareal på 17 m². Etter at kommunen etterspurde betre kart for å kunna handsama søknaden, kom det inn eit nytt søknadsskjema. I dette søknadsskjemaet er det fylt ut at naustet skal ha eit bebygd areal på 18 m² og eit bruksareal på 15 m². Byggjeteikningane lagt ved det siste søknadsskjemaet, syner at naustet skal ha dei utvendige måla 3,6m x 5,5m. Dette samsvarar med eit bebygd areal på 18 m². Situasjonskarta som er vedlagt søknaden syner derimot at naustet skal ha eit bebygd areal på 19,4 m² og at dei utvendige måla er 3,5m x 5,5m.

Naustet kan uansett ikkje verta større enn det godkjenninga frå Simadal sameige tillet. Godkjenninga tillet, som nemnt, eit naust på 15 m². Ettersom det er den utvendige storleiken som er av betydning for sameiget, vert det lagt til grunn at det er gjeve tillatelse til eit maksimalt bebygd areal på 15 m².

Etter plan- og bygningslova § 19-2 kan det ikkje gjevast dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsyna bak lova si føremålsføresegn vert «vesentlig tilsidesatt.» Samstundes må føremonane ved dispensasjonen vera «klart større» enn ulempene.

Denne føresegna legg opp til at det må gjerast to vurderingar. For det første må det vurderast om omsyna bak føresegna det vert dispensert frå vert vesentleg tilsidesette, og for det andre om fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Det må også klargjerast kva som er omsyna bak føresegna det eventuelt skal dispenserast frå.

Ordlyden «vesentlig tilsidesatt» syner at sjølv om omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå kan måtta verta tilsidesette i ein dispensasjon, skal det ikkje skje i vesentleg grad.

Når det kjem til omsyna bak føresegna seier kommunedelplanen for Sysendalen ingenting om bakgrunnen for forbodet. Men i vurderinga av formålet bak planen sin 100-metersregel, kan ein nok sjå til formålet med plan- og bygningslova sitt forbod mot tiltak i «100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag», nedfelt i § 1-8. Eigentleg er dette forbodet berre gjenteke i kommunedelplanen for Sysendalen.

Grunngjevinga for forbodet i lova er, som det kjem fram av forarbeida (ot.prp. nr. 32 (2007-2008), å ta omsyn til «natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser».

I lagmannsrettsdommen LA-2015-197645 utdjupar retten at «formålet med bestemmelsene er å beskytte allmennhetens interesser, natur, friluftsliv og naturangfold. Allmennhetens interesser er blant annet relatert til ferdsel, naturopplevelse og rekreasjon.»

Forbodet har sjølvstendig samanheng med det faktum at mange ønskjer å byggja hus eller hytter nær sjø og vassdrag, og at dette fører til auka privatisering. Det fører igjen til at ålmenta sin tilgang til desse områda vert betydelig avgrensa. Byggjeforbodet i strandsona er nok særleg mynta på bygningar, som er blant dei tiltaka som i størst grad privatiserer.

Plan- og bygningslova si føremålsføresegn, § 1-1, nemner ytterlegare bærekraftig utvikling, langsiktige løysingar, samt konsekvensar for miljø og samfunn. Både individet og fellesskapet sine interesser skal takast omsyn til, og bruk av ressursar skal vurderast i samanheng med samfunnsplanlegginga.

Spørsmålet vert etter dette om bygging av naust ved Isdalsvatnet medfører ei vesentleg tilsidesetting av desse omsyna.

Eit sentralt omsyn bak forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjø og vatn er altså å hindra privatisering, slik at alle som måtte ønskje har tilgang til slike områder. Dei aller fleste byggverk vil bidra til privatisering. I denne saka er bygningen det er tale om eit naust, ikkje eit bygg meint for varig opphald. Det er eit nyttebyggverk. Dette reduserer faren for privatisering av vassdraget og vatnet, og oppføring av eitt naust vil nok i liten grad påverka ålmenta sin bruk av området, tilgang til strandsona eller moglegheit til ferdsle. Naustet sin planlagde storleik er heller ikkje særleg stor.

Søkjar seier at han, på tross av sviktande helse, vil kunna fortsetta kultiveringsarbeidet i Isdalsvatnet dersom han får eit naust til lagring av reiskapar og båt. Søkjar seier også at ettersom det vert selt fiskekort i sameiget, er det viktig at kultiveringsarbeidet han har drive med dei seinare år fortset med full styrke. Han har blant anna oppsyn med at dei som kjøper garnkort føl reglane som Simadal sameige har utarbeida. Søkjar skriv at formålet med naustet er å beskytta ålmenne interesser, natur, friluftsliv og naturmangfald i Isdalen.

Dette vil kunna vera i tråd med plan- og bygningslova § 1-1, og omsynet til berekraftig utvikling og følgjer for miljø og samfunn.

Omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, vert etter kommunen sitt syn ikkje sett vesentleg til side.

Dette åleine er likevel ikkje nok til å gje dispensasjon.

Den neste vurderinga er om fordelane ved dispensasjonen er «klart større» enn ulempene.

Ordlyden i vilkåret tilseier at vanleg interesseovervekt ikkje er nok. Forarbeida til plan- og bygningslova, Ot. prp. nr. 32 (2007-2008), utdjuper at det må «foreligge klar overvekt av hensyn som talar for dispensasjon.» Det vil normalt ikkje kunne gjevast dispensasjon «når hensynene bak bestemmelsen det søkes dispensasjon fra fortsatt gjør seg gjeldende med styrke.»

Ein lyt altså vega føremonane mot ulempene i denne konkrete saka.

Søkjar seier at han, på tross av sviktande helse, vil kunna fortsetta kultiveringsarbeidet i Isdalsvatnet dersom han får eit naust til lagring av reiskapar og båt. Det er sjølv sagt ønskjeleg at kultiveringsarbeidet han driv kan halde fram.

Søkjar seier også at ettersom det vert selt fiskekort i sameiget, er det viktig at kultiveringsarbeidet han har drive med dei seinare år fortset med full styrke, og at han blant anna har oppsyn med at dei som kjøper garnkort føl reglane som Simadal sameige har utarbeida. Søkjar skriv at formålet med naustet er å beskytta ålmenne interesser, natur, friluftsliv og naturmangfald i Isdalen.

Betre forvaltning av fiskebestanden i Isdalsvatnet vil kunna føra til større sal av fiskekort, og slik større glede og nytte for ålmenta.

Søkjar skriv at naustet ikkje vil koma i konflikt med tilgang til vatnet, og at området heller ikkje er av dei beste fiskeplassane frå land. Ein kan sjå i kartet at det er nokså grunt der naustet er planlagt bygd, så det er nok riktig at det ikkje er den mest attraktive fiskeplassen. Det er likevel ikkje berre ålmenta sine fiskeinteresser som skal ivaretakast, men friluftinteresser generelt. Både omsyna til ferdsel, naturoppleving og rekreasjon er sentrale.

Søkjar skriv også at naustet vil verta lite synleg frå vegen. Dette spelar i og for seg lita rolle når det kjem til privatiseringseffekta. Dersom folk går ned til vatnet, vil naustet uansett gje ei privatiserande effekt. Sjølv om eit naust er eit nyttebygg, og langt mindre privatiserande enn ei hytte, vil naustet likevel utgjere ei økt grad av privatisering for området.

Det er tale om eit heilt nytt bygg i eit område der ein ønskjer minst mogleg inngrep. Sjølv om oppsyn med fisket er ein fordel for forvaltninga av naturen, vil eit nybygg utgjere eit inngrep i landskapet. Området rundt vatnet er eit relativt urørt område, og både føresegna i kommunedelplanen for Sysendalen, og føresegna i plan- og bygningslova, syner tydeleg at ein ønskjer å halde områda rundt vatn slik.

Det vart vedteke av Formannskapet i sak 086/07 at det i den saka ikkje skulle gjevast dispensasjon til å byggje naust ved Isdalsvatnet. Saka vart handsama etter den gamle plan- og bygningslova, der vilkåret for dispensasjon var at det måtte føreliggja «særlige grunner». Formannskapet meinte at behovet for oppbevaring av båt og reiskapar i samband med fiske ikkje var tilstrekkeleg til å kunne gje dispensasjon. Avslaget vart og grunngjeve med at det var kort avstand frå stølshuset til vatnet.

I sak 18/068 vedtok Formannskapet å innvilga søknaden om dispensasjon til naust ved Isdalsvatnet. FSK-sak 18/068 skil seg imidlertid både frå saka nevnt over og frå

saka som no vert handsama. Det avgjerande for at dispensasjonssøknaden vart innvilga i FSK-sak 18/068 var at det allereie hadde stått eit naust på staden frå før. Naustet som sto der var riktig nok forfalle, og berre murane sto att, men det var ikkje tvilsomt at det hadde stått eit naust på staden. Den privatiserande verknaden av å gjenoppføra naustet var då mindre. Det vart heller ikkje gjort eit inngrep i heilt urørt natur. Det er stor skilnad på å gjera eit terrenginngrep i eit urørte område og det å gjenoppføra eit bygg på eit areal som allereie er bebygd.

Fylkesmannen i Vestland har kome med uttale i saka. I uttalen vert det sagt at Fylkesmannen rår Eidfjord kommune til å vera varsam med å opna for nye naustetableringar i strid med kommuneplanen. Likevel ser Fylkesmannen at det i denne heilt konkrete saka er eit samfunnsgagn til stade med kultivering av fiskebestand mv.

Fylkesmannen seier vidare at dersom kommunen vil gje dispensasjon, bør det vurderast ein mellombels dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-3. Dette vert grunngeve med at trongen til naustet vil falle bort dersom skjøtselstiltaka i vatnet opphøyrer. Det vert og presisert at det bør gå klart fram av eit eventuelt vedtak om dispensasjon at det ikkje kan delast frå eiga tomt kring naustet.

Ettersom bygging av eit naust er eit relativt permanent tiltak, og vil gjera eit inngrep i landskapet, er det vanskeleg å sjå at ein mellombels dispensasjon vil avhjelpa ulempene i denne saka. Det vil vera ein relativt stor prosess å få riva eit naust dersom skjøtselstiltaka i vatnet opphøyrer. Ein mellombels dispensasjon vil sjølvstø vere eit verkemiddel for å gjere den privatiserande verknaden mindre permanent, men det vil uansett vera vanskeleg å føra landskapet heilt attende til tilstanden det hadde før naustet vart bygd. Ein mellombels dispensasjon framstår derfor ikkje som ei god løysing i denne saka.

Avveinga i denne saka må vera ulempene den privatiserande verkanden tiltaket vil ha, og ulempene av å gjera inngrep i urørt terreng mot fordelene av mogleg betre forvaltning av fiskeressursane i vatnet.

Det er vanskeleg å sjå at fordelene ved å gje dispensasjon i denne saka er klart større enn ulempene.

Geir Underhaug
rådmann

Bakke, Ingrid
sakshandsamar

Rett utskrift: